



Åsne Arnesen frå Uskedalen 2 på veg mot scoring

SPAR Heio Cup er den største,årlege sportsdagen her i bygda og i år har dagen vore sær sars vellukka.

Vergudane var i høgste grad med på laget og den høgsommarlege atmosfæra danna ei framifrå ramme rundt Heio.

Bana var nyklipt av kommunen og har knapt nok vore så fin nokon gong..



Serveringskvartetten frå start var Tove Lill Lakselv, Arnhild Myklebust, Åshild Sjøwall og Anja Giholt.

Deltakinga var også større enn nokon gong, med 44 lag og rundt rekna 300 unge fotballentusiastar ialdersgruppa 2000/2004. Truleg var det like mange som kom for å sjå på og heia og vi vågar å tru at så mange som 700 har vore på Heio i dag.



[Dette er Uskedalen 1 \(2004\)](#)

Rosendal toppa deltakarlista med 13 lag og det er rekord på bortebane, opplyser lagleiinga. Deretter kom Trio med 10, Halsnøy med 7 og arrangøren sjølv med 6. At Uskedalen stilte opp med rundt 40 unge spelarar var ikkje minst imponerende.



[Dette er Uskedalen 2 \(2004\)](#)

Foreldre og besteforeldre møtte altså fram i stor grad i finveret. Dei engasjerte og kosa seg. Publikum hadde framifrå servering i teltet som er kjøpt saman med Damevennene. Serveringa var ein positiv bit i eit svært profesjonelt arrangement. Her hadde mødrene (og kanskje også fedrene?) gjort ein framifrå jobb med kakebaksten! Og alt med unntak av brusen kosta berre 10 kroner.



[Dette er Uskedalen 2002](#)

Det er berre pluss-faktorar å plukka fram. Vi kan nemna god skilting mot Heio, gode parkeringstilhøve langs vegen, musikk ved Daniel Mehl og Joakim Hellenes frå Lyd & Lys, speakerteneste ved Hallvard Døssland og diplomar med namn på spelarane og minitrofear.

Sjølve avviklinga hadde så å seia ingen forseinkingar og det var ingen klagar undervegs. Det einaste var ei presisering av at det ikkje var lovleg å røykja på indre bane.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Truleg var 700 innom Heio i dag